

INFORMASJONSGUIDEN



STORD KOMMUNE

STORD MUNICIPALITY



www.stord.kommune.no



2016 /2017



Frå Stovegulvet / Stord mountains

Foto: Haldis Lauksund

Innhald

Content

Velkomen til Stord	3	Welcome to Stord
Flytta til Stord	4	Moving to Stord
Turistinformasjon	5	Tourist information
Viktige telefonnummer	7	Important phone numbers
Kommunikasjon	8	Communication
Næringsliv	11	Business & economy
Turløyper/attraksjonar	13	Walks/sights
Friluftsliv	14	Outdoor life
Attraksjonar	17	Sights
Gjestehamner	21	Guest Marinas
Handel	24	Shopping
Mat og drikke	27	Food and drink
Overnatting	28	Accommodation
Kultur og underhaldning	30	Entertainment
Faste arrangement	31	Anunual events
Fritidsaktivitetar	32	Sport and leisure activities
Oppvekst og utdanning	34	Education





Velkomen til Stord!

Midt mellom Bergen og Stavanger finn du byen Stord, regionsenteret i Sunnhordland. Her er nærleik til alt: fjell, sjø, skog, mark, kulturliv, handel, uteliv og idrettsliv. Naturskjønne omgjevnader går hand i hand med urbane kvalitetar. Byen har svært gode høve for samferdsle, med daglege flyavgangar til hovudstaden, og effektive kollektivsamband til Bergen, Haugesund og Stavanger. Når ny E39 kjem på plass vil Stord ligge strategisk plassert midt i det som vil bli ein av dei mest attraktive bu- og arbeidsmarknadane i Noreg.

Stord er eit levande bilete på den eventyrlige industrihistoria i Noreg. Verftsindustrien har hatt ein unik posisjon i over hundre år, med skipsbygging tidleg på 1900-talet til bygging av nokre av verdas største plattformar fram til i dag. Verksemdar som Kværner, Wärtsila og Apply Leirvik er sentralt i den framleis viktige offshore-næringa. Men Stordsamfunnet er også i front i nyskaping og i omstillinga til det grønne skiftet. Stord er hovudsete for NCE Maritime CleanTech, ei nasjonal næringsklynge som har som mål å bli eit verdslaiande miljø for reine maritime løysingar.

Det dynamiske næringslivet på Stord speiler også kor dynamisk og mangfaldig Stordsamfunnet er på andre måtar. Her bur det folk frå alle verdshjørner, og kommunen har eit yrande kultur- og idrettsliv, med svært mange lag og organisasjonar som set sitt preg på byen. Her skal ingen kjenne seg aleine - det finst noko for ein kvar smak! I tillegg finn du fleire festivalar, og naturen byr på praktfulle opplevingar gjennom heile året.

Eg håpar du får eit minnerikt møte med byen vår og at innbyggjarane våre tek deg godt i mot. Eg ønskjer deg hjarteleg velkomen til Stord!

Harry Herstad
Ordførar



Foto: Haldis Lauksund

Welcome to Stord!

The town of Stord is situated in the middle of west coast Norway, in the heart of the Sunnhordland region. Here everything is near: the mountains, the ocean, the forest, country land, culture, shopping, nightlife and sports. Nature and urban qualities goes hand in hand. Stord is easily accessible from everywhere – daily flights from Oslo, and hourly buses to Bergen, Haugesund and Stavanger.

Stord is dominated by the adventurous industry history in Norway the last century. From fish factories and to ship building to the offshore industry, and now the transition towards green energy, gives Stord a very dynamic and exciting business life. This is also reflected in the civil society. Stord has inhabitants from every corner of the world, and the culture- and organization life is very rich and diverse. You are never bored in Stord, there is always something to do. The nature also offers magnificent experiences all year around.

I wish you a warm welcome and a pleasant stay in Stord.

Harry Herstad
Mayor, Stord





Leirvik hamn / Leirvik harbour

Foto: Aslaug Torget

Flytta til Stord

Me ynskjer nye innbyggjarar velkomne til Stord. I Kundetorget i rådhuset får du informasjon om dei kommunale tenestene. Tlf. 53 49 66 00 og www.stord.kommune.no.

Bustad

Bustadannonser finn du i lokalavisa "Sunnhordland", www.sunnhordland.no, hos lokale eigedomsmeklarar eller på nettstaden www.buisunnhordland.no/bustad/.

Arbeid

For oversyn over ledige jobbar i Stord, sjå www.nav.no eller www.buisunnhordland.no/jobb/ledige-stillingar/.

For ledige stillingar i kommunen: www.stord.kommune.no/ledig-stilling.

Jobbsøk-informasjon for EØS/EU-borgarar: www.eures.no.

For å jobba i Noreg er det krav om arbeids- og opphaldsløyve, også for EU- og EØS-borgarar. Meir informasjon er å finne på nettstaden www.udi.no.



Sjå filmen om den flotte regionen vår, og korleis det er å bu i Sunnhordland.

Moving to Stord

Information on municipal services is available at the Town hall reception. Tel. 53 49 66 00 and www.stord.kommune.no.

Housing

For real estate, houses and apartments for rent see the local newspaper Sunnhordland www.sunnhordland.no, or local real estate agents. Also visit <http://www.buisunnhordland.no/en/homes>.

Work

Ads on job vacancies at www.nav.no or www.buisunnhordland.no/en/work/ Vacancies at the municipality at www.stord.kommune.no/ledig-stilling.

Information for EØS/EU-citizens applying for work is available at www.eures.no.

A work- and residence permit is required before applying for work in Norway (also for EU/EØS-citizens). For more information, please visit www.udi.no.



See the video about our great region Sunnhordland.





Stord kulturhus / Stord Cultural Centre

Foto: Nina Sørli

Turistinformasjon

Du finn turistinformasjon på følgjande stader:

Kulturhuset (ved Amfisenter)

Ope måndag - fredag: 09.00-15.30

Telefon: 53 49 69 50

E-post: kulturhuset@stord.kommune.no

Rådhuset,

ope måndag - fredag 08.00 - 15.30

Telefon: 53 49 66 00

E-post kundetorget@stord.kommune.no

Meir turistinformasjon

www.stord.kommune.no/turistinformasjon

og www.visitsunnhordland.no

(Her kan du også reservera overnatting)

Tourist information

You can find Tourist information located in:

Stord Cultural Centre, next to the shopping centre Amfi in Leirvik and in the **Town Hall reception**.

All located in Leirvik.

Telephone: 53 49 69 50 (The Cultural Centre)

Telephone: 53 49 66 00 (Town Hall)

E-mail: kulturhuset@stord.kommune.no,

kundetorget@stord.kommune.no.


More information at

www.stord.kommune.no/tourist-information

For accommodation availability and bookings, information on attractions and events, also check out the website www.visitsunnhordland.no.



Leirvik



- | | |
|---|---|
| 1 Museum
Museum | 7 Trådløst internett - gjestehamn + kulturhus
Wi-Fi - guest marina + The Culture Centre |
| 2 Informasjon
Information | 8 Kjøpesenter
Shopping mal |
| 3 Bank
Bank | 9 Matbutikk
Grocery store |
| 4 Rådhus - publikums-pc
Town Hall - public computer | 10 Gågate og torg
Pedestrian precinct and market place |
| 5 Kulturhus - publikums-pc
The Culture Centre - public computer | P Parkeringsplass
Parking |
| 6 Apotek
Pharmacy | 11 Post
Post office |



Fakta om Stord

- Senter for leverandørretta oljeindustri i Noreg. Større verksemdar er Kværner Stord AS, Wärtsilä AS og Apply Leirvik
- Høgskulesenter
- Sjukehus
- Kommunesenter: Leirvik
- Areal: 144 km²
- Folketal: ca. 18 760

Viktige telefonnummer

Naudnummer

Politi	112
Brann	110
Ambulanse	113

Lokale nummer

Politi	52 86 53 00
Brann	97 55 20 59
Legevakt	116 117
<i>www.sunnhordland-legevakt.no</i>	
Stord hamnestell	53 49 67 66
Stord vatn og avlaup	97 55 22 22
Vegberedskap	97 55 20 84

The municipality of Stord

- The municipality of Stord covers the southern half of the island of Stord, including the smaller island of Huglo.
- The islands are 144 km² and we have a population of 18 760. We have high college, hospital and larger businesses such as Kværner Stord AS, Wärtsilä AS and Apply Leirvik.

Important phone numbers

Emergencies

Police	112
Fire	110
Ambulance	113

Local phone numbers

Police	52 86 53 00
Fire	97 55 20 59
Medical help	116 117
<i>www.sunnhordland-legevakt.no</i>	

Harbour services	53 49 67 66
Water supply and sewerage ...	97 55 22 22
Road emergency	97 55 20 84



DAGENS *Lille* HØYDEPUNKT

Tlf: 53 41 05 88 - Adresse: Sæ 18, 5417 Stord
Åpent: Mandag - Lørdag: 11:00 - 23:00, Søndag: 13:00 - 23:00





Stord Lufthavn / Stord Airport

Foto: Stord Lufthavn

Kommunikasjon

Stord kommune er ei øy med ferje- og flysamband. Me har landfast samband gjennom undersjøisk tunell i sør og ferjesamband i nord og til øyane omkring.

- Flyplass med daglege ruter til Oslo
www.stordlufthavn.no
- Ekspressbuss til Bergen og Stavanger
www.kystbussen.no
- Ferjefri veg mot sør (undersjøisk tunell)
- Hurtigbåt til Bergen
www.norled.no
- Ferje til Halhjem i nord (Bergen)
www.fjord1.no
- Lokale ferjesamband og hurtigbåtar
www.norled.no

Tømmestasjon for bubil og campingvogn
finn de på Heiane vest.

Infrastructure

Stord is situated on the south-west coast of Norway. The coastal highway E 39 between Stavanger and Bergen crosses the island. Stord airport has daily flights to Oslo, and there are express boat to Bergen. Daily expressbusses to Stavanger and Bergen. Stord is connected to the mainland to the south by bridge and tunnel, and to the north by ferry.

Flights: www.stordlufthavn.no

Bus: www.kystbussen.no

Boat: www.norled.no

Ferries: www.norled.no, www.fjord1.no

Dump station for motor homes/caravans is located in Heiane.



STORFLYET.NO
Danish Air Transport A/S



VI HELD STORD FYKANDE

RUTER, TIDER OG BOOKING PÅ STORFLYET.NO



Les meir på stordflyet.no eller følg oss på Facebook



KVÆRNER™

APPLY® LEIRVIK

 **ENGELSEN ANLEGG**

www.engelsenanlegg.no



Kværner Stord AS

Foto: Aslaug Torget

Næringsliv

Stord er ein sterk industrikommune basert på skipsfart og leverandørretta offshore-verksemd. Sysselsetjinga i desse næringane svingar med marknaden, men lang erfaring med omstillingar i industri og næringsliv har medverka til å oppretthalda sysselsetjinga i kommunen også gjennom vanskelege periodar.

Næringsparken på Eldøyane rommar ei rekkje bedrifter som er med og utfyller biletet i industrikommunen. Heiane er eit handels- og industriområde. Området er i stadig utvikling og under utbygging.

Bankar, advokatfirma og sterke fagmiljø innan konsulentbransjen og i kreative næringar fremjar ei positiv utvikling. Høgskulen er også ein viktig samfunnsaktør.

Les meir om næringslivet på Stord:
www.stord.kommune.no/Naringsliv

Business and economy

Stord is an industrial community based on shipping and offshore related businesses. In such industries, employment may vary. However, through restructuring of the industries, Stord has managed to get through difficult times, and keep up the employment rate.

Many of the big businesses are located at Eldøy industrial park. We also have a big trade area in Heiane, which is constantly evolving.

Banks, law firms, strong consulting industry and the college promotes a positive development.

Read more about businesses and economy in Stord:
www.stord.kommune.no/Naringsliv.





Turløyper - Walks

- 1 Landåsen
Landåsen
- 2 Hystadmarkjo
Hystadmarkjo
- 3 Gullberg
Gullberg
- 4 Hustrudalen
Hustrudalen
- 5 Utslettefjellet
The mountain "Utslettefjellet"
- 6 Kattnakken
The mountain "Kattnakken"
- 7 Vatnadalen
Vatnadalen
- 8 Ådlandsvatnet rundt
Ådland lake, round-trip
- 9 Seminarhagen på Rommetveit
The Gardens at Rommetveit
- 10 Huglo
The island Huglo

Attraksjonar - Sights

- 1 Gruvene på Litlabø
The Mines at Litlabø
- 2 Sunnhordland museum
The Sunnhordland Museum
- 3 Omnshuset på Huglo
The Iron Stove Museum
- 4 Kjøtteinen
Kjøtteinen industrial area
- 5 Storddøra
The sculpture Storddøra
- 6 Hystadmarkjo naturreservat
Hystadmarkjo nature reserve
- 7 Stord kyrkje
The Stord Church
- 8 Seminarhagen på Rommetveit
The Gardens at Rommetveit
- 9 Stord maritime museum
Stord Maritime Museum

For kart maps: www.visitsunnhordland.no og www.ut.no

For maps: www.visitsunnhordland.no and www.ut.no



**VÆR SÅ SNILL
BARE ETT
STYKKE TIL?**

Stord: 53 49 56 90
Åpent: Mandag-lørdag 11-23, søndag 13-23

jippie

PB
PIZZABAKEREN™



Sponavik badestrand / Sponavik beach

Foto: Haldis Lauksund

Friluftsliv

TURLØYPER

Landåsen

Landåsen nær Leirvik har mange skogsvegar som høver for både fotturar, jogging og sykling. Her finn du også Eventyrskogen med små utstillingar av folkekjære eventyrfigurar.

Hystadmarkjo

I Hystadmarkjo går turstien gjennom freda svartorskog. Her er gode høve for fisking og bading.

Gullberg

Frå badestranda i Sponavikjo går ei fin turløype rundt Gullberg med utsikt over sørsippen av Stord.

Grøntanlegget på Litlabø

Fint friluftsområde med opparbeidd sandstrand og palme. Bord/benker og tilrettelagt for grilling. Gratis utlån av kano; kontakt www.bydelsbloggen.no.

Lysløype Hustrudalen - Rødkleiv

På Litlabø finn du lysløypa som tar deg ein rundtur inn Hustrudalen, opp lia til Rødkleiv og forbi kisgruvene. I krysset ved Isdal kan du ta turen ut til Arboretet Rossneset. Her er også fine, merka turløyper.

Outdoor life

WALKS

Landåsen

Landåsen, close to Leirvik, has several paths for walking, jogging and biking. Well known fairy tale characters are displayed along part of the way.

Hystadmarkjo

Hystadmarkjo is a foot trail by the sea. The area is ideal for fishing and swimming, as well as walking.

Gullberg

The Gullberg walk starts by the camping site Sponavikjo. View of the southern part of Stord.

Litlabø

The Green aerea at Storavatnet has a beach, benches and barbeque area. There is also canoes that you can rent for free, contact www.bydelsbloggen.no Litlabø is also the starting point for a roundtrip passing the mines, and to the arboretum at Rossneset.





Fjellet Kattnakken / Mountain Kattnakken

Foto: Haldis Lauksund

Utslettefjellet

Utslettefjellet i Sagvåg er ein lett fjelltur som gir fin utsikt over øya og nabokommunen Bømlo.

Kattnakken

Frå fjellet Kattnakken (724 m.o.h) kan du nyta ein storslått utsikt frå Haugalandet i sør til Hardangerfjorden og Folgefonna i aust.

Vatnadalen

Vatnadalen er utgangspunkt for fleire turløyper.

Seminarhagen på Rommetveit

Seminarhagen ved Høgskolen Stord/Haugesund (Rommetveit) er flott for rusleturar.

Huglo

Naturstien på øya Huglo er fem kilometer, og går rundt Tveitevatnet (Sør-Huglo).

Utslettefjellet

The foot trail leading to the top of the small mountain Utslettefjellet is great for family walks. Enjoy the great view of the islands of Stord and Bømlo from the top.

Kattnakken

Enjoy the great view of the surrounding fjords from the mountain Kattnakken (724 m).

Vatnadalen

The valley Vatnadalen is the starting point for many nice walks.

The Gardens at Rommetveit

The Gardens at Stord/Haugesund University College (Rommetveit) is good for a stroll.

Huglo

A nice walk in the nature around the southern side of the Tveitevatnet lake at Huglo. The trail is five kilometres long.



SYKKELTURAR

Forslag til sykkelturnar på Stord og i Sunnhordland finn du på www.visitsunnhordland.no og i sykkelbrosjyre som du vil finna i turistinformasjonen i kulturhuset og Kundetorget i rådhuset.

BADEPLASSAR

Sponavikjo er ei fin badestrand nær Leirvik. Stranda har stupebrett, og er tilrettelagt for funksjonshemma.

I turområdet *Hystadmarkjo* finn du badeplassane *Melkevikjo* og *Apalvikjo*.

Ådlandsvatnet er ein populær stad for bading, berre ein kort spasertur frå Leirvik.

Nokre andre gode badeplassar er: *Breivikjo* (Rommetveit), *Dagfinnsvikjo* (Kårevik), *Sætravikjo*, *Aslaksvikjo* (Hystad), *Tveitevågen* (Huglo), *Røssbøvikjo* (Huglo) og *Båtsvikjo* (Litlabø).

FISKE OG BÅTUTLEIGE

På Stord kan du fiska i dei fleste vatn og i sjøen. Unntaka er Vatnaelva og Ådlandsvassdraget der det er totalforbod mot fiskeing. For båtutleige/fisketurar kontakt Stord Jeger- og fiskarforeining eller Langenuen Motell og Camping.
www.stordjegerogfisk.no
www.langenuen.com

KART

Det er kart å få kjøpt i turistinformasjonen på kulturhuset, i rådhuset og hos bokhandlarar.
www.visitsunnhordland.no
www.ut.no

BIKING

You will find information on biking trips at www.visitsunnhordland.no and brochure at Tourist information in Stord kulturhus and the Town Hall.

BEACHES

There is a nice beach at the camping site *Sponavikjo* which is suitable for wheelchairs.

In *Hystadmarkjo* you will find the beaches of *Melkevikjo* and *Apalvikjo*.

The lake *Ådlandsvatnet*, just a short walk from Leirvik, is a good spot for swimming.


Other good beaches are *Breivikjo* (Rommetveit), *Dagfinnsvikjo* (Kårevik), *Sætravikjo*, *Aslaksvikjo* (Hystad), *Tveitevågen* (Huglo), *Røssbøvikjo* (Huglo) and *Båtsvikjo* (Litlabø).

FISHING AND BOAT RENTAL

Fishing is not allowed in the Vatna river, the Ådlandsvatnet lake and the river mouth by the church. All other lakes and rivers are open for fishing. Brochures are available at the Tourist Information in Stord kulturhus and the Town Hall. For boat rental and fishing tours contact Stord Jeger- og fiskeforeining or Langenuen Motell and Camping.
www.stordjegerogfisk.no
www.langenuen.com

MAPS

There are maps for sale at the tourist information in Stord kulturhus, the Town Hall and bookshops.
www.visitsunnhordland.no
www.ut.no



HØGSKOLEN STORD / HAUGESUND





Frå Gruvene på Litlabø / The Mines at Litlabø

Foto: Aslaug Torget

Attraksjonar

Gruvene på Litlabø

Kisgruvene på Litlabø var i drift frå 1865 til 1968, og på det meste arbeidde om lag 400 personar med utvinning av svovelkis i gruvene. Gruvemuseet er lokalisert i den gamle smia ("Smio"). I den trivelege parken står den restaurerte arbeidarbustaden. Her kan du sjå korleis det var å leva og veksa opp midt i gruvesamfunnet i 1950-åra.

I parken står også monumentet «Gruvearbeidaren», laga av kunstnar Arne Mæland. Monumentet vart reist av Venelaget for Gruo i 1996. Du kan og bli med på spennande vandringar eller ein togsafari inne i dei tronge gruvegangane i fjellet, kombinert med føredrag og soger om arbeidsmetodar og gruveslusken sin kvardag. Venelaget for Gruo tek imot grupper etter avtale. www.gruo.no

Sunnhordland museum

Sunnhordland museum har åtte tun og mange samlingar i heile Sunnhordland. På Stord finn me Sunnhordlandstunet. Museet arrangerer mange ulike aktivitetar for folk i alle aldrar, og har faste og midlertidige utstillingar. www.sunnhordland.museum.no

Sights

The Mines at Litlabø

The pyrite mines at Litlabø was in production from 1865 to 1968, and had up to 400 employees. Today part of the old mine is reopened, and visitors may be guided on an exciting train safari.

In the park, there is a monument of a mineworker made of the artist Arne Mæland. The monument was raised in 1996. There is also a museum at the site, open on request. www.gruo.no





Stord maritime museum

Stord maritime museum har ei motor-samling som står utstilt i Hamnebygget på Leirvik brygge på Stord. Museet byr også på ei utstilling som syner utviklinga av Leirvik hamn og industrien i området. Stord maritime museum er ope kvar tysdag heile året rundt, med utvida opningstider i sommar-sesongen.

www.sunnhordland.museum.no

Omnnshuset på Huglo

Omnnshuset på Huglo er eit privat museum med ei eineståande samling av gamle jarn-omnar frå perioden 1850-1950.

www.huglo.no

Kjøtteinen

Kjøtteinen på Eldøyane er det viktigaste industriområdet på Stord, der mellom anna Kværner Stord held til. Kværner er hjørne-steinsbedrifta i kommunen med sine meir enn 1200 arbeidsplassar. Frå å vera sild-oljefabrikk i 1919 har verksemda utvikla seg via skipsindustrien, der mellom anna verdas største tankskip blei bygde, til bygging av verdas største oljeplattformer. Eit museum på staden syner historia frå sildoljefabrikk og fram til i dag. (Ring 415 31 042 for avtale).

Storddøra

Ytst på moloen står kunstverket Storddøra og ynskjer velkomen til deg som kjem sjøvegen til Stord. Skulpturen på moloen ved innløpet av Leirvik er laga av den kjende kunstnaren Sissel Tolaas, opprinneleg frå Stord. Rundt Storddøra er det eit lite parkanlegg med ein populær bocchia-bane. (Onarheimsparken).

The Sunnhordland Museum

The Folk Museum "Sunnhordlandstunet" is a collection of older farm buildings. The museum often arranges exhibitions as well as activities and performances for children. www.sunnhordland.museum.no

Stord Marine Museum

The exhibitions show the technical and marine industrial history of Sunnhordland, for example the motor production. Visit the museum at Nattrutekaien in Leirvik Harbour. Opening hours: Every Tuesday throughout the year, but longer opening hours during the summer.

www.sunnhordland.museum.no

The Iron Stove Museum

The Iron Stove Museum at Nordhuglo is a private museum housing a unique collection of old iron stoves from the period of 1850-1950.

www.huglo.no

Kjøtteinen industrial area

The industry at Kjøtteinen started in 1919 as a herring oil factory. Later it was turned into a ship yard. Today it is a global provider of products and services for the oil and gas industry. Many of the biggest rigs in the North Sea were built here. A museum here exhibits the history of the industry. The museum is open on request (phone: 415 31 042)

Velkomen til Stord Hotell!!

Med lokal plassering i Leirvik vil du hos oss vera nær spanandelokalkultur og vakker natur. Me tilbyr 161 store og lyse rom, restaurant, pianobar, svømmebasseng, sauna, solarium og treningsrom. I tillegg har me flotte konferanse-fasilitetar og selskapslokale til alle typar arrangement.



STORD HOTELL

RING 53 40 25 00
BOOKING@STORD-HOTEL.NO
WWW.STORD-HOTEL.NO





Stord Kyrkje / Stord Church

Foto: Svein Svendsen

Hystadmarkjo naturreservat

Hystadmarkjo er eitt av dei mest særmerkte natur- og kulturområda i Hordaland. Den sjeldne svartorskogen i området har eit rikt dyre- og fugleliv. Her finn du også fortidsminne med store gravrøyser frå eldre bronsealder (ca. 1500 f.Kr.), og ein kolerakyrkjegard frå 1849. Ved sjøen er det tilrettelagt for friluftsliv og bading.

Stord kyrkje

I 1857 vart Stord kyrkje bygd på tuftene av ei eldre steinkyrkje frå 1300-talet. Kyrkja blei restaurert i 1957, og er ei såkalla langkyrkje bygd i tegl.

Seminarhagen på Rommetveit

Seminarhagen ved Høgskolen Stord/Hauge-sund er eit frodig hage- og parkanlegg med mange sjeldne planter og over 150 tresortar frå ulike delar av verda. Her er badeplassar, turstiar, verna bygningar i ulike arkitektoniske stilartar og skulpturar.

Det er to arkeologiske kulturminne i området. Ein gravrøys som ligg rett nord for badestrand og eit langnaust 400 m lenger nord. Langnaustet ligg nedanfor turstien som går langsmed sjøen og opp mot parkeringsplassen til høgskulen. Begge kulturminna er merka med skilt.

The sculpture Storddøra

The sculpture on the pier, Storddøra (The Stord Gate), welcomes travellers arriving Stord from the seaside. The sculpture on the harbour arm in Leirvik is made by the artist Sissel Tolaas. Next to the sculpture, there is a small park with a popular boccea field. (Onarheimsparken).

Hystadmarkjo

Hystadmarkjo is a nature reserve due to its rare black alder forest. There are also graves from early Bronze Age (approximately 1500 B.C) and a cemetery from the 1849 cholera plague in the area. Hystadmarkjo is a good spot for walking, bathing and fishing.

The Stord Church

The church was built in 1857 on the remains of a stone church dating back to the 14th century. The new brick church was restored in 1957.

The Gardens at Rommetveit

The gardens at HSH University College at Rommetveit exhibit more than 150 types of trees from Scandinavia as well as more exotic parts of the world and archaeological Cultural Heritage. The garden is a good spot for a stroll, and there is a beach nearby.



Leirvik gjestehamn / Leirvik Guest Marina

Foto: Nina Sørli

Gjestehamner

Leirvik gjestehamn

Gjestebrygga ligg inst i Leirvik hamn, midt i Leirvik sentrum. Her er tilgang til bunkring, straum, vatn, tømning av septik og tråðlaust internett. Serviceanlegget med toalett/ dusj, vaskemaskinar og tørketromlar er ope 15. juni til 15. august. Anlegget kan også opnast på førespurnad. Elles i året kan du dusja i symjehallen i kulturhuset. Du vil også finna leikeapparat, bord, benker og grill ved gjestebrygga på Leirvik.

Guest Marinas

Leirvik Guest Marina

The marina is located in Leirvik Harbour. Washing machines, toilets and showers are available from June 15 to August 15. At other times you are welcome to use the showers at the Cultural Centre swimming pool (kulturhuset). Other services at the marina are refuelling, water, electricity, wireless internet and playground.



Ås barnehage

Godt rusta for framtida!

Heimeside: Åsbarnehage.no

- Skjerma småbarnsavdeling
- Variert nærområde: skog, vatn, sjø og sentrumsnær
- Flott leirplass i skogen
- Samarbeid med museet
- Aktive og engasjerte voksne



Sagvåg gjestehamn / Sagvåg Guest Marina

Foto: Aslaug Torget

Sagvåg gjestehamn

Sagvåg er ei lun og skjerma hamn med tilgang til bunkring, straum, vatn, båt-/motorservice og serviceanlegg med dusj/toalett og vaskemaskin. Kafé/pub, helsestasjon, frisør og daglegvarebutikk er rett opp bakken.

Huglo gjestehamn

Huglo har ei fin gjestehamn ved daglegvarebutikken på Nordhuglo. Det er bunkring av diesel og bensin på kaien, og tilgang til vatn, straum, toalett, dusj, vaskemaskin og tørketrommel.

Alle gjestehamner har straum og vatn. Ta kontakt med Stord hamnestell for meir informasjon dersom du vil leiga båt plass.

www.stord.kommune/gjestehamner

Sagvåg Guest Marina

The guest marina has a grocery store, cafeteria/pub, hairdressers and health care centre within walking distance. The marina also offers refuelling service, electricity, fresh water, boat/motor services, washing machine, toilets and showers.

Huglo Guest Marina

A small guest marina next to the grocery store at Nordhuglo. Services: refuelling, toilet, shower and launderette.

www.stord.kommune/guestmarinas



Sommerfugl / butterfly

Foto: Aslaug Torget

Bademiljø
BEST PÅ BAD

alt under eit tak

VESTLANDS HUS



KOMPLETT HUS


FARGERIKE
MALERBODEN


MALERBODEN
HANDVERKERSERVICE AS


HEIANE
RØYR & ELEKTRO

STORD 
TRAPPEFABRIKK

www.kompletthus.no





Amfi Stord / Amfi Shopping center

Foto: Astrid Larsen

Handel

Stord kommune har to "handlebyar":
Leirvik og Heiane.

Leirvik

På Leirvik finn du butikkar i Amfisenteret ved sida av kulturhuset, i Bytunet vis-à-vis Amfisenteret, samt i Borggata og ved hamna. Du finn blant anna postkontor og apotek i Varehuset Trio. I tillegg finn du apotek i Amfisenteret. Bank er lokalisert i Borggata.

Heiane

På Heiane ligg Heiane Storsenter som rommar mange butikkar med både daglegvarer, klede, bokhandel, apotek, kafé m.m. I tillegg er det fleire større varehus på Heiane for både byggevarer, møblar, interiør, kvitevarer, elektriske artiklar, bilar, brukthandel, motorsyklar, gartneri m.m.

Sagvåg

I tettstaden Sagvåg er det frisør, kafè/pub og daglegvarer med post- og banktenester.

Shopping

There are two main areas for shopping:
Leirvik and Heiane.

Leirvik

Shops are located in the shopping centres, Amfi Stord and Bytunet, as well as in the pedestrian precinct Borggata and the streets around the harbour. The post office and pharmacy is located in Trio Warehouse. There are also pharmacy in Amfi Stord shoppingcenter. Bank services in Borggata.

Heiane

Heiane has a shopping centre, Heiane Storsenter, with a variety of shops as well as bigger stores specializing in furniture, builder's articles, banks, post office, cars, motorcycles, electrical goods, home and garden etc.

Sagvåg

In the smaller village of Sagvåg you will find hairdressers, café/pub and a grocery store with postal and bank services.



Raskaste vegen ut i verda

dagleg via 

Ved reise over Stord Lufthamn oppnår du:

Kort reisetid

Gratis parkering

Kort innsjekkingstid

Gratis lading av din el-bil

Gratis trådløst internett

Gratis frukost på morgonruta

Gratis kaffi/te til alle reisande


Stord Lufthamn
www.stordlufthamn.no

For rutetider og tinging av billetter

www.stordflyet.no, eller på tlf. 534 03 700

For charterforespørsel

kontakt oss på tlf. 926 65 553

Me leverer på døra kvar dag fra kl. 11.00 til kl. 23.00

Åpningstider: Mandag - Søndag, 11.00 - 24.00

Telefon: 53 41 18 96

www.nyesmakogbehag.no

Alle våre pizza, pitabrod og dressinger blir laget på stedet etter våre egne oppskrifter. Alle pizza blir laget med tomatsaus og ost!


Rabattkort
Få hver 10. pizza eller kebab gratis!

Hver 10.
pizza eller kebab
GRATIS!
Spør etter vårt
rabattkort.


NYE
Smak
og behag



Leirvik



Heiane



Mat og drikke – food and drink

Kafèar og «take away» Cafeteria and take-away

- 1 **Fjellstova**
Lundseter (søndagsmiddag/Sunday dinner) – www.fjellstovastord.no
- 2 **Nye Smak og Behag**
Heiane (kebab) – www.ny smakogbehag.no
- 3 **Trollkrabben**
Leirvik hamn (fiskemat) – www.trollkrabben.no
- 4 **Pizzabakeren**
Sæ (Leirvik) – www.pizzabakeren.no
- 5 **Brygga 11, Fiskabutikken**
Leirvik hamn – www.brygga11.no/fiskabutikk
- 6 **Hagerupshuset pensjonistkafè**
Borggata – www.stord.kommune.no/no/Tenes-ter/Emne/Eldresenter/
- 7 **Sandras Grill**
Busstasjonen ved rådhuset (gatekjøken/fast food)
- 8 **Kafè Lille Berlin**
Amfisenteret (kafè/cafè) – www.amfi.no/kjopesentre/amfi-stord/butikkar/lille-berlin/
- 9 **Karjolen Kafè**
Heiane (bakeri/bakery) – www.leirvikdampba-keri.no/karjolen-kafe/
- 10 **Opus Cafè**
Heiane storsenter (kafè/cafè) – www.cafeopus.no
- 11 **Sorada`s Thai Take-Away**
Heiane storsenter – www.soradas.no
- 12 **Sagvåg Pub & Kafè**
Sagvåg (café) – facebook.com
- 13 **Sudjais Thaimat**
Leirvik torg
- 14 **Tasty**
Amfisenteret - (gatekjøken/fastfood) – www.amfi.no/kjopesentre/amfi-stord/butikkar/tasty/
- 15 **Peder Bakar Leirvik**
Borggata (bakery) – www.pederbakar.no

- 16 **59 grader nord**
Bytunet (kafè/cafè) – www.59gradernord.com
- 17 **Smile**
Heiane (gatekjøken/fast food) – facebook.com
- 18 **Mc Donalds**
Heiane – www.mcdonalds.no

Restaurantar/Pub Restaurants/Pubs

- 19 **Bakeriet Frugård**
Borggata 20 – www.frugard.no
- 20 **Osvald Pub**
Torgbakken 1, Leirvik hamn – www.osvald.no
- 21 **China House**
Hamnegata 33 – www.chinahousestord.no
- 22 **Brygga 11, Geir Skeie**
Leirvik hamn – www.brygga11.no/restau-rant-stord/no
- 23 **Keiser restaurant**
Bytunet – facebook.com
- 24 **Samson**
Leirvik hamn – facebook.com
- 25 **Sjøhuset**
Leirvik hamn – facebook.com
- 26 **Stord Hotell**
Kjøtteinsvegen 67 – www.stord-hotel.no
- 27 **Grand Hotell Stord**
Osen 5 – www.grand-hotell.com
- 28 **Almås Hotell**
Kjøtteinsvegen 60 – www.almas-hotell.no
- 29 **Casa Di Spania**
Jens Hystadveg 14 – www.casadispania.com



Overnatting

Dei fleste overnattingsstadene er lokalisert i eller nær Leirvik sentrum. Du finn eitt hotell i Osen ved Leirvik hamn, og to på toppen av bakken bak Amfisenter (Kjøtteinsvegen).

Sponavik camping ligg ca. 1 km frå Leirvik sentrum. Følg vegen rundt hamna ut mot moloen. Like før moloen tek du vegen opp til høggre. Følg vegen vidare rett fram.

På Børtveit, like nord for ferjekaien på Jektevik, ligg Langenuen Motel & Camping.

Gjestehus finn du på Heiane Storsenter (inngang mot E39) og like ved daglegvarebutikken i Sagvåg (Sagvåg Pub & Kafé).

www.visitsunnhordland.no

Accommodation

Most of the overnight accommodations are located in Leirvik with three hotels, and a camping site. There are guesthouses at Heiane and Sagvåg. At Børtveit you will find a motel and camping site.

www.visitsunnhordland.no



Overnattingsstader Accommodation

- 1 Sponavik camping
Sponavik Camping
- 2 Stord Hotell
Stord Hotel
- 3 Almas Hotell
Almas Hotel
- 4 Grand Hotell
Grand Hotel
- 5 Langenuen camping
Langenuen Camping



Flyplass Airport

Stord Lufthamn
Stord Airport



Bu sentralt og
godt på Stord

2016
Nyrenovert og ombygd



Hotellet ligg på sørsida av Leirvik sentrum (500m)



Almas Hotell Stord

www.almas-hotell.no



 Grand Hotell

www.grand-hotell.com

Leirvik sentrum

**Rom & frokost, kurs & konferanse, selskapsservering,
dåp, minnestund og catering i Leirvik Sentrum**

Osen 5, 5411 Stord, booking@grand-hotell.com, 53 40 96 00
www.grand-hotell.com



Stord kulturskule - frå oppsetjinga Tornerose
Stord culture school - from the play Sleeping Beauty

Foto: Eirik Sverdrup

Kultur og underholdning

Kulturhus

Midt i Leirvik sentrum finn du Stord kulturhus med kino, symjehall, kulturskule, teater, konsertar, utstillingar og bibliotek. www.stord.kulturhus.no

Bibliotek

Stord Folkebibliotek inviterer til eventyrstund for barn og føredrag av ulike slag. www.stord.kommune.no/stord-folkebibliotek

Museum

Sunnhordland museum arrangerer aktivitetar som til dømes omvising, forteljarstund, strikkekafe og framsyningar for barn og vaksne på Sunnhordlandstunet. www.sunhordland.museum.no

Kunst

I tillegg til utstillingar i kulturhuset, finst det fleire kunstgalleri på Stord. I Leirvik sentrum vil du finna salsgalleri. Fleire kunstnarar tek i mot publikum i private galleri i heimen.

Seniortreff

For dei godt vaksne er det fast pensjonisttreff og føremiddagskafé i Hagerupshuset.

På byen

På utestadane kan du få med deg quizkonkurransar, konsertar, dans og liknande.

Faste arrangement finn du her: www.stord.kommune.no/no/om-stord/faste-arrangement/

Entertainment

The cultural centre

Stord kulturhus is a cultural centre in Leirvik, featuring cinema, swimming pool, music school, theatre, library, concerts and exhibitions. www.stord.kulturhus.no

The museum

Sunnhordland Museum offers guided tours, arts and crafts café and performances. www.sunhordland.museum.no

Art

There are several art galleries at Stord, both in the town centre of Leirvik, and in some of the artists' homes.

Senior citizens

Hagerupshuset has various activities for senior citizens.

Down town

In the centre of Leirvik and in Sagvåg there are pubs that arrange quiz nights, concerts, etc. Some restaurants and hotels have music and dance nights as well.

For annual events, see: www.stord.kommune.no/no/om-stord/faste-arrangement/



Tour the fjords 2015

Foto: Haldis Lauksund

Faste arrangement

Ynskjer du oversyn over alt som skjer og datoar for arrangementa, kan du sjekka følgjande nettsider:

www.stord.kommune.no/no/Om-Stord/Faste-arrangement/

www.stord.kulturhus.no

www.sunnhordland.no/detskjer

www.visitsunnhordland.no/no/Arrangement-i-Sunnhordland

www.sunnhordland.museum.no

Annual events

The following web pages will give you more information about what's on:

www.stord.kommune.no/no/Om-Stord/Faste-arrangement/

www.stord.kulturhus.no

www.sunnhordland.no/detskjer

www.visitsunnhordland.no/no/Arrangement-i-Sunnhordland

www.sunnhordland.museum.no



Storavatnet på Litlabø / Lake Storavatnet at Litlabø

Foto: David Stutlien

Fritidsaktiviteter

Lag og organisasjoner

I Stord er det over 400 lag og organisasjoner som tilbyr ei rekke fritidsaktiviteter. www.stord.kommune.no/lag-og-foreiningar

Idrettsanlegg

Det største idrettsanlegget i kommunen ligg på Vikahaugane med banar for fotball, friidrett, tennis, handball og sandvolleyball. Her er også kunstisbane. På Nysæter finst fotball- og friidrettsbane. I Prestagardsskogen er det pistolskytebane, sandvolleyballbane, fleirbrukshall og utandørs anlegg for fotball.

Symjehall

Symjehallen ligg i Stord kulturhus med 25 m basseng, barnebasseng, badstove og vassklie. Opningstidene finn du på www.stord.kommune.no/no/Kulturtenester/Symjehallen/. Varmtvassbassenget ved Stord kommunale rehabiliteringssenter er ope for offentlig bading fredag og laurdag. Stengt om sommaren. www.stord.kommune.no/basseng

Sport and leisure activities

Clubs and organizations

Stord has about 400 clubs and organizations offering a range of different activities. www.stord.kommune.no/lag-og-foreiningar

Sport arenas

The biggest sport arena is Vikahaugane with football fields, ice rink and courts for handball, volleyball, sand volleyball, tennis, badminton, table tennis etc. There are also sport arenas in Sagvåg and Prestagardsskogen.

Swimming pool

The swimming pool is located in Stord kulturhus. For opening hours, see www.stord.kommune.no/no/Kulturtenester/Symjehallen/. The warm water pool at the rehabilitation centre is open to the public on Fridays and Saturdays in the afternoon. Closed in summer. www.stord.kommune.no/basseng

Andre anlegg

I området ved Fjellstova er det lysløype for skiidrett. Stord har også motocrossbane, fleire skytebanar, golfbane, petanquebane, bocciabane, bowlingarena og lysløyper.

Treffstader

I Stord kommune er det etablert treffstader for ulike målgrupper. Desse er Hamna kontaktsenter, Hagerupshuset kultur- og eldresenter, Småbarnstreff og Venneklubben Stord. Meir om treffstadene på: www.stord.kommune.no/treffstader

Other arenas

There are also lighted trails for skiing and jogging, a motocross track, a bocchia court, a pentanque court, a golf court, shooting ranges, and a bowling hall among other things.

Meeting places

Stord municipality has a variety of meeting places for different audience. Among these are: Hamna kontaktscenter; for people with mental difficulties, Hagerupshuset; for the elderly, Toddlers; for small children and parents, Friendsclub; for people who need a friend. Read more about meetingplaces here: www.stord.kommune.no/treffstader

SUNNHORDLAND
museum



Besøk nettsida vår for utfyllande informasjon om våre attraksjonar på Stord.

Sunnhordlandstunet

Stord maritime museum

Stordø Kisgruber: Gruvemuseet

Møllebua





Barnehage / Daycare

Foto: Haldis Lauksund

Oppvekst og utdanning

Barnehagar

I Stord kommune er det meir enn tjue barnehagar å velja mellom. Fleire av dei har egne satsingsområde og fokus på spesielle tema som til dømes kultur eller friluftsliv. www.stord.kommune.no/barnehage

Skular

Det er åtte barneskular og tre ungdomsskular i kommunen vår. www.stord.kommune.no/skule
Stord vidaregåande skule har eit variert studieretningstilbod. www.stv.hfk.no

Kulturskule

Kulturskolen tilbyr undervisning fordelt på instrumentalundervisning, song/kor, dans, teater, animasjon og parkour samt at dei sel tenester til det frivillige kulturlivet og andre samarbeidspartar i kommunen. www.stord.kommune.no/no/Stordkulturskule/

Høgskule

Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) har studiestadar både på Stord og i Haugesund. www.hsh.no.
www.stord.kommune.no/student

Education

Kindergardens

There are more than 20 kindergardens to choose from in Stord. www.stord.kommune.no/barnehage

Schools

We have eight primary schools and three secondary schools. www.stord.kommune.no/skule

Culture School

The culture school offers a variety of education within dance, parkour, song, theatre, animation and instruments. www.stord.kommune.no/no/Stordkulturskule/

The college of further education

The college of further education, "Stord vidaregåande skule", has a variety of studies to offer. www.stv.hfk.no

University


The university college, HSH, offers a number of studies both in Haugesund and Stord. The Stord department emphasizes mainly the studies of teaching and nursing. www.hsh.no.
www.stord.kommune.no/student

Kortreist profilering

universell skilting
LED-skilt
heifoliering
visittkort
logo
kalendere
reklame
design
kreativ utsmykning
sikkerhetsskilt
brosjyrer
punktskrift
gravering
trykksaker
vindusdekor
profilklede
storformat print



Kortaste veg frå idé til ferdig løysing.
Ingen fordyrande mellomledd



Velkomen til oss på Heiane [ved Plantasjen]

BYRÅET

byraet.no

Achilles JQS
empowered by Achilles

SKilt
gruppen





STORD KOMMUNE

STORD MUNICIPALITY



Foto: Haldis Lauksund

Framsidedfoto: Nina Sørli

Tekst og foto: Stord kommune

Layout: Byrået Design & Profilering as

Opplag: 2500 stk.

Utgitt våren 2016



Bileta i guiden er kommunen sin eigedom, eller tillete brukt i denne samanhengen. Redaksjonelt innhald for annonsørar er levert av den enkelte utgjevar, og kommunen er ikkje ansvarleg for levert innhald.